

Grindheim

TEMA: Kirke og kloster ①52,
Bønder og busetnad ①37

Den første kyrkja på GRINDHEIM var ei stavkyrkje med frittstående klokketårn; støpul. Kyrkja er nemnd første gong i 1326, men ho vart truleg bygd lenge før den tid.

GRAVFELT I ETNE

Få vestnorske bygder har så mange og så rike gravfunn frå førhistorisk tid som Etne. Dei eldste går attende til eldre bronsealder, for meir enn 3000 år sidan. Dei yngste er frå slutten av vikingtida, kring år 1000 e.Kr.

Kystroåsane, som er så vanlege langs leia lenger ute, finst òg i Etne, men dei er ikkje mange. Dei finst, som ein kan venta, i ytre strøk, langs strendene ved Nervik og Byrkjenes, og er vende mot sjøen. Det har vore spekulert mykje over kva slags folk det var som vart lagde til kvile på slike stader. Noko sikkert svar har vi ikkje.

Men når vi kjem inn til Etnepollen og bygda innanfor, er det eit heilt anna miljø vi møter. Her ligg haugar og røysar til dyrka mark, ofte ved åkerkanten eller i sjølve åkeren. Dette er bonden sine gravminne, anten dei høyrer til eldste bronsealder eller yngste jernalder. Dei finst som einskilde, spreidde gravminne eller i klyngjer. Somme gonger ligg det så mange atmed kvarandre at ein kan tala om gravfelt.

I Etne har det vore fleire slike gravfelt, to av dei sær store. På den vide terrassen der Støle, Sørheim og Austrheim ligg, har det vore minst 100 stykke. Ei ruvande rekkje av store jordhaugar har lege yst på terrassebrotet som vender mot Etnebygda. Nokre av dei finst framleis. Fleire av haugane på terrassebrotet er granska og har gjeve funn frå bronsealderen.

Dei fleste gravminna på Støle og på Sørheimsmoen er likevel yngre. Langs vegen som fører over terrassen innover i bygda, finst framleis fleire store haugar frå jernalderen og nokre steinringar med branngraver frå tida like før Kr.f.

Det andre store gravfeltet i bygda har lege på Grindheim og Rygg, der det enno finst att ein del haugar og røysar, men her har vore minst 250 stykke.

Gravhaugane høyrer, saman med helle-ristningane, til dei mest karakteristiske kulturminna vi har frå førhistorisk tid. Begge grupper er godt representerte i Etne som markerer seg som ei av dei rikaste fornminnebygdene i Hordaland.

GRINDHEIM er ein av dei gamle hovudgardane i Etne-bygda. Dei vide terrassane på Grindheim og Stødle har gjeve gode vilkår for åkerbruket. Vest for kyrkja ligg ei stor samling graver, truleg frå dei første hundreåra av vår tidsrekning. Etter ein storstorm i 1673 vart stavkyrkja ombygd. Ei tid stod ho med lafta skip i tømmer og kor i stavverk. I 1728 vart det bygt ei ny tømmerkyrkje. Denne bygningen vart utvida i 1853. Då vart skipet saga over, den vestre delen vart flytta mot vest, og nye tømmerstokkar vart skøytt inn i langveggene.

Slik kyrkja står i dag, vart ho sett i stand i 1954. Då det vart sett inn nye kyrkjebenker, vart interiøret òg måla. Eit vakkert dørbeslag frå mellomalderen er i dag montert på vestdøra. I interiøret finst det også dekorerte plankar frå stavkyrkja.

I ein monter på nordveggen i koret ligg ein sjeldsynt eignalut i kyrkja; eit dekorert vokslys, påskelys eller dåpslys.

Slike lys vart nytta ved særskilde gudstenester. Dette lyset skriv seg truleg frå seinmellomalder eller tida kring 1600. □



Steinkrossen på Grindheim er truleg frå midten av 1000-talet.

STEINKROSS OG RUNESTEIN

Steinkrossen som står like innanfor kyrkjegardsmuren, låg tidlegare i sjølve muren. Opphavleg har han truleg stått på «Krossbakken». Mange stader har steinkrossane vore samlingsstader for kyrkjene vart bygde, kanskje også seinare. Ordtalet: «Han går korkje til kross eller kyrkje», kan vera eit vitnemål om dette. Øvste armen er avslegen, slik at krossen no har T-form.

Ein runestein låg i fleire hundre år i kyrkjegardsmuren ved Grindheim kyrkje. No er han reist ved nordveggen av kyrkja, der han er bolta fast. På eine breisida er innhogge ein kross. Innskrifta står på den eine smalsida og skal lesast nedanfrå og opp såleis (i omsetjing): «TORMOD REISTE DENNE STEINEN ETTER TORMOD SVIDANDE, FAR SIN».

Tilnamnet til den eldre Tormod, som kjem av verbet å svi eller brenna, kan han sjølv-sagt ha fått av fleire grunnar. Somme meiner det kan ha samband med svirydning, men dette er langtfrå visst. Innskrifta kan truleg daterast til kring midten av 1000-talet.



Gravroys på Sørheim.